

uskedalen.no har motteke denne kommentaren frå Bjarte Døssland, som laga rebusane til sykkelrebusen i helga:

Vyrde nettbladredaktør!

Som ansvarleg for spørsmåla til sykkelrebusen greier eg ikkje å dy meg, men lyt få kommentere artikkelen på uskedalen.no. At rebusen var krevjande er sikkert heilt rett, og eg vil sende mine gratulasjonar til Karin, Tord og Kjartan som greidde 11 av 12 spørsmål. Det var strålande! Eg la faktisk litt vekt på å lage spørsmål som kunne skilje litt, slik at ikkje alle kom i mål med full pott.

Og spørsmål for skuleborn trudde eg det var i fullt mon, dersom dei tenkte litt (til dømes tenkte eg nok dei fleste kunne resonnerer seg til at ingen vidgjeten indianarhovding har heitt Deaf Cougar (norsk: Døve puma). Ja, ja, det var ikkje det eg ville kommentere.

Nei, det som fekk meg til å hoppe i stolen var journalistens påstand om at ein måtte vere ihuga Asterix-lesar for å vite at det var Egil Skallagrimson som spydde på bonden Årmod Skjegg. Dei som ikkje har lese saga om Egil Skallagrimson bør snarast kome seg til bokhylla! Egil Skal lagrimson var ein stor skald, krigar og kverulant, og episoden der han er i gjestebod hjå Årmod er heilt fantastisk.

Egil tømmer det eine mjødstaupet etter det andre, og det endar med ein konfrontasjon med verten (Årmod), der Egil rett og slett spyr ned heile karen. Av omsyn til ungene tok eg ikkje med det faktum at Egil i tillegg reiv det eine auga or Årmod. Eg nemnde heller ikkje at Egil i åtteårsalderen slo i hel ein fotballmotstandar som la inn ein litt for sleip takling. I det heile tatt var Egil litt av ein type.

Det står ingenting om dette i Asterix. Asterix handlar om gallarar. Dei bur i Frankrike. Egil budde på Island. Uffameg.

Bjarte

Beklagar, ein lærar meinte at Asterix også var ei kjelde til denne historia. Eg skal aldri stola på lærarar meir.

Nettbladredaktøren